



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grethe Fjeld, 5557 2279

Vår dato
10.04.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/2467 632.4
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Oversending av førebels tilsynsrapport - førehandsvarsel om vedtak

Fylkesmannen i Hordaland varsla tilsyn med Lindås kommune i brev 11.02.14 med frist om å sende inn relevant dokumentasjon innan 24.03.14.

Dokumenta vart mottatte 24.03.14.

Etter lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967 (forvaltningsloven) § 16 skal parten varslast og få høve til å uttala seg innan ein nærmare frist før vedtak vert gjort.

Lindås kommune har anledning til å uttale seg om innhaldet i førebels tilsynsrapport innan 02.05.14.

Lindås kommune kan uttala seg om faktumet Fylkesmannen har lagt til grunn, det rettslege grunnlaget, Fylkesmannen si vurdering av faktum opp imot regelverket og Fylkesmannen sin reaksjon.

Dersom Lindås kommune meiner Fylkesmannen har basert seg på feil faktum eller har gjort andre feil bør dette dokumenterast.

Etter utløp av fristen, vil Fylkesmannen i Hordaland utarbeida ein endeleg tilsynsrapport. I endeleg tilsynsrapport vil kommunen få ein rimeleg frist til å retta det ulovlege forholdet. Dersom forholdet ikkje vert retta innan fristen som vert fastsatt i endeleg tilsynsrapport, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Grethe Fjeld
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.